



Nordens Blåe Blome

Ein musikalsk time med Karin Boye

Med Agnete G. Haaland

THALIAS DØTRE 1998



"Sådan är jag"
Karin Boye 1931



"Sådan jag ville vara"
Karin Boye 1931

Kven var Karin Boye?

Livet til Karin Boye var først og fremst ein nærkamp med sjølve livsgåta. Livet hennar krinsar utan stans kring løyndomen bak det å vere fødd, det å vere menneske - og leve den korte tida som ein får lov til å leve. Denne eksistensielle problematikken har gjort at lesarar i heile Norden - om att og om att - vender attende til dikta hennar. Dikt som er såvel uendeleg vakre som uendeleg triste. Sjølv om mange av dei speglar ein lengsel mot døden, synet diktia likevel ein andakt for det levande. Og for Karin Boye var kvart einskild dikt eit ledd i sjølve kampen for livet. Svara gir ho oss ikkje. Difor blir dikta til Karin Boye ei utfordring til oss. I dikta fangar ho opp dei vanskelege skritta frå barndom til vaksleiv. Det livet som til slutt vart umogleg å leve for Karin Boye sjølv.

Ingen kjenner den endelege grunnen til at Karin Boye gjekk ut i den svenske skogen og valde døden ein aprildag i 1941. Hadde ho berre nådd grensa for kva ho orka? Ho hadde levd eit vanskeleg liv, og i et Europa der nazismen vokste fram var ho djupt fortvila over verdsutviklinga.

Erling Borgen

Karin Boye (1900-1941)

skrev diktsamlingane *Moln* (1922), *Gömda land* (1924), *Härdarna* (1927), *För trädet skull* (1935) og *De sju dödssynderna* (1941). Ho har også skrive novellesamlingar og romanar, mellom anna den sjølvbiografiske romanen *Kris* (1934) og *Kallocain* (1940) som var ein skrekksvisjon om politistaten ho såg vekse fram. Boye var knytt til den politisk radikale Clarté-gruppa og sterkt oppteken av psykoanalyse.

Nordens Blåe Blome

- ein musikalsk time med Karin Boye

med Agnetha G. Haaland
og Stian Carstensen

Gjendikting: Brit Bildøen
Komponist: Ragnar Bjerkreim
Regi: Anne-Karen Hytten

◊ Du skal takke

◊ Karin Boye
av Inger Hagerup

◊ Det Beste

◊ Eg vil møte

◊ Ja visst gjer det vondt

◊ Kveldsstille

◊ Treet

◊ Til skuggen av det verkelege

◊ Til nokon som er svært ung

◊ Innover

◊ Lær deg å teie

◊ Ønske

◊ Du er frøet

◊ Nye vegar

◊ Dei rolege stega bak

◊ I drift

Urpremiere i Skåtøy Kirke
måndag 6. juli 1998 kl.20.00

Takk for støtte fra
Norsk Kulturråd,
Svensk-norska samarbeidsfonden og
Per Gjersøes Fond

og takk for all velvilje frå Ulf Boye.

Foto: John Alfheim - Programutforming: Ragna Aarli



PNO INTRO

Song

mp **I DRIFT**

F Am C G

Den mette dagen, den er aldri störst.
Den beste dagen er ein dag av törst.

Pad

Nok finst det mål og meinung med vår ferd -
men det er vegen som er bryet verd.

Pno bs

ng

Det beste målet er ein nattleg rast,
der eld blir tent og brödet delt i hast

stad

På stader der ein berresov ein gong,
blir sovnén trygg og draumen full av song.

bst

Bryt opp, bryt opp! Den nye dagen gryr.
Endelaust er vårt store eventyr.

Om å gjendikte Karin Boye

Det første som slo meg når eg begynte å jobbe med Karin Boye, var at det ikkje er det minste rart at så få av dikta hennar finst på norsk. Det stod for meg som ei umogleg oppgåve å overføre desse tilsynelatande enkle, men eigentleg teknisk brillante dikta til eit like tilsynelatande enkelt nynorsk. Ikkje nok med at rima er suverene, i veldig mange av dikta er det også nøyaktig antal stavingar i kvar linje. Dette ser ein ikkje før ein går tett på. Tidlegare har eg som lesar blitt slått av musikaliteten i Boye si diktning, utan å tenke på kva denne musicaliteten kjem av. No måtte eg pent finne ut av det, og med litt lirking og luring fekk dette utvalet av dikt etter kvart si form. Så langt som mogleg har eg prøvd å ta vare på både meiningsinnhaldet og rytmien i dikta. Ei gjendikting kan aldri bli heilt lik eller like god som originalen, noko som i stor grad gjeld denne diktaren. Men det er Karin Boye like fullt, i eit nytt og annleis møte.

Brit Bildøen

Song

5

mp **I RÖRELSE**

C G G Dm

Den mätte dagen, den är aldrig störst.
Den bästa dagen är en dag av törst.

Pad

Nog finst det mål och meinung i vår färd -
men det är vägen, som är mödan värd.

Pno bs

Song

11

mp **I RÖRELSE**

Dm G C G Dm Am



På ställen, där man sover blott en gång,
blir sönen trygg och drömmen full av sång.

Pad

11

Bryt upp, bryt upp! Den nya dagen gryr.
Oändligt är vårt stora äventyr.

Pno bs



Framsyninga er produsert av Thalias Døtre og kan tingast hos Agnetha G. Haaland, Olav Kyrresgt 3, 0273 Oslo

Thalias Døtre vart grunnlagt i 1990. Den første framsyninga var *Florence Nightingale - Kvinne i krig* i Anne-Karen Hyttens regi. Gruppa har seinare produsert framsyningar som *Mozart og Salieri* av Aleksander Pusjkin i regi av

THALIAS
DØTRE
Hilde Andersen og
Die Flagstad i regi
av Bentein Baardson.
Nordens Blåe Blome er gruppas åttande produksjon.



Agnete G. Haaland har med si eiga teatergruppe Thalias Døtre tidlegare produsert sju ulike framsyningar med kvinner i sentrum, blant dei dei kritikårroste monologane *Florence Nightingale - Kvinne i krig* og *Die Flagstad. Nordens Blåe Blome* er den åttande produksjonen ho sjølv står bak. Elles har Agnetha G. Haaland vore tilknytta mange teater og har bak seg roller som Pippi Langstrømpe, Solveig i *Peer Gynt*, Anne Frank i *Anne Franks dagbok*, Klatremus og Dorothy i *Trollmannen frå Oz*. Hennar ferskaste sceniske suksess er rolla som Nora i Ibsens *Et Dukkehjem* på China National Experimental Theatre (1998), ei framsyning som vart ein publikumssuksess i Kina og fjernsynsoverført til 700 millionar kinesarar. Frå NRK er ho kjend som Turid i *Vestavind* og som sekretær i *Offshore*. Ho medverka og i Leidulf Risans *Blodsbånd*. Agnetha G. Haaland har hatt store roller i fleire filmar, mellom anna i *Kamilla og Tyven*. Dessutan er ho veteran som "utespelar" – med ei av dei kvinnelege hovudrollene i såvel *Mostraspelalet*, *Kinnaspelalet* som i dei fire *Håkonarspela*.

Stian Carstensen trakterer såvel trekkspel som gitar, sekkepipe, kaval (bulgarsk fløyte), banjo og fiolin. Han gjekk ut frå jazzlina ved konservatoriet i Trondheim i 1993. Her vart interessa for balkansk folkemusikk fatta, og bandet *Farmers Market* vart starta. Debut-albumet *SPEED/BAIKAN/BOOGIE* (1994) og ikkje minst *Musikk fra Hybridene* (1997) har medført utstrekkt turnéverksemd, oppdrag i TV og radio i inn- og utland. Stian Carstensen har samarbeidd med musikarar som Roar Engelberg, Bendik Hofseth, Ivo Papasov, Jon Christensen, Asmund Bjørken og Merit Hemmingson. Eit høgdepunkt i karrieren er tingingskonserten med Django Bates (England), Ernst Reijseger (Holland) og norske Jarle Vespestad til Vossajazz 98. Stian Carstensen har nyleg fått statsstipend for å forske på bulgarsk folkemusikk/polyfoni. Han har starta eit bluegrassband og skriv musikk til ein Rikskonsertturné hausten 1998 i Spike Jones ånd. I sommar er Carstensen CD-aktuell med *Sommerbrisjen*.

Brit Bildøen har utgitt diktsamlingane *Bilde av menn* (1991) og *På visse tider av døgnet* (1994), romanane *Eit anna eple* (1992) og *Tur og orden* (1995) samt ei biletbok for barn saman med illustratøren Trude Tjensvold, *Peder og plystreliden* (1994). Bildøen har også gjendiktat den amerikanske poeten Rita Dove, *Det rosa er i oss* (1996). Brit Bildøen er utdanna bibliotekar, men jobbar no som medredaktør i tidsskriftet *Utfukt*, melder bøker i Dagbladet og tek diverse skriveoppdrag. Ho har også jobba med framføringer av dikt saman med to dansarar og skreiv teksten til Steffi Lunds danseframsyning for barn, *Englespor*, som vart vist i Krypten hausten 1994.

Ragnar Bjerkreim har arbeidd 10 år som komponist etter gjennombrotet med musikken til familiefilmane *Kamilla og Tyven*. Han har komponert 180 verk og gitt ut 10 CDar. Bjerkreim er mest kjend for musikk til film- og fjernsynsproduksjonar. Musikken til filmen *Jakten på Nyresteinen* er det oppdraget han har fått mest fagnad for. Viktig for karrieren hans har også oppdraga for BBC (*The Kon-Tiki Man*) vore. Bjerkreim har også skrive musikk på oppdrag frå Inger Vagle som dirigerer Kor-Z. Komposisjonen *Missa Caritatis* (1995), eit korverk framført på scenen og utgitt på CD, er kan hende Bjerkreims beste verk. Eit av dei siste verka hans er *Spire* (1998) der Bjerkreim har komponert musikk til poesi av Helge Torvund. I seinare tid har Bjerkreim også hatt oppdrag mellom anna frå Kristiansand Dyrepark (*Reisen til den levende parken*) og dokumentarserien *The Drugs of the World* (1997) for Svensk fjernsyn.

Anne-Karen Hytten har ei rekke regioppgåver bak seg frå ulike teater sidan ho starta som instruktør i 1980. Ho var i ei årekke fast tilsett instruktør ved Oslo Nye Teater. Dei seinare åra har ho mellom anna sett i scene *Fyrtøyet* av H. C Andersen og *Soloppgang i Riga* på Oslo Nye Teater, *Lilly Valentin* med Anne Marit Jacobsen på Nationaltheatret og Ibsens *Gjengangere* på Agder Teater. Ho har hatt ei særlig heldig hand med kvinnemonologar og kammerspel - og stod mellom anna for regien til *Florence Nightingale - Kvinne i krig* med Agnetha G. Haaland. Til hausten skal Anne-Karen Hytten iscenesetje *Victoria* av Knut Hamsun på Agder Teater og *Hvem skal trøste Knøtten* i eiga dramatisering, på Oslo Nye Teaters Dukketeater.